
Saknr: 2020/1929-3
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		01.02.2020

Fastsetting av møteplan for Vestland ungdomsutval for året 2020

Forslag til innstilling vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2020 for utvalet sine møter og samlingar slik den ligg føre.

Samandrag

Vestland Ungdomsutval skal ha minst 6 møter kvart år, og utvalet vedtek sin eigen møteplan. I Vestland fylkeskommune har dei tre medverknadsorgana ein og same utvalssekretær. For at administrasjonen skal kunne koordinera møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2020 vert endeleg fastsett.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova krev heimel i lov for å oppretta folkevalde organ. Fylkeskommunen kan difor ikkje oppretta andre organ enn dei som framgår av lov.

Dei tre medverknadsorgana er forankra i kommunelova §5. Denne lova gir ikkje lenger adgang til å etablere verken faste underutval eller arbeidsutval.

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinere møteplan både med dei andre medverknadsorgana og utvala, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2020.

Når møteplanen for 2020 skal leggjast, er møtedatoane i fagutvala, fylkesutval og fylkesting eit viktig utgangspunkt. Dette og med tanke på at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen fagutval-fylkesutval-fylkesting, slik at ei eventuell tilråding/uttale skal vera klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjera endeleg vedtak.

Vedlagt fylgjer forslag til møteplan for året 2020 for Vestland ungdomsutval. Forslaget er basert på møteplanane som er vedteke for fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovedutval for samferdsel og mobilitet, hovedutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovedutval for kultur, idrett og integrering, hovedutval for opplæring og kompetanse.

Møtedagane fell som oftast på fredagar. Videomøter kan leggjast til anna vekedag, men då på ettermiddag. Når det gjeld helgesamlingar vert det lagt opp til reisetid fredag ettermiddag, møtedag laurdag og evt. søndag. Heimreise søndag.

Når det gjeld møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer dette i saksframlegget til PS 56/2019 i Fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreining av møta i ungdomsutvalet at omlag 50% av møta er i Bergen, 25% er i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

Konklusjon

Vestland ungdomsutval vert beden om å fastsetje dato for utvalsmøter og samlingar i 2020.